



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Tokke

Kanskje kan eg våga meg til å snakke om heilskapens ånd, ei ånd som taler liksom både nært og fjernt. Og kva høyrer ein då, om ein lyttar godt nok etter? Ein høyrer stilla. Og slik det har blitt sagt, så er det berre i stilla ein kan høyre Guds røyst. (Jon Fosse)



DET DESPERATE HÅPET

Jon Fosse skriv at det er i stilla ein kan høyres Guds røyst. Det er så det. Men det er og nokre andre stemmer som blandar seg i stilla, som skriket frå dei fattige, anten det er i Vest-Telemark eller ute i den store verda. Kanskje er det ikkje skrik, men heller kviskring. Slik kviskring må kyrkas diakoni alltid lytte ekstra godt til.

Korleis ser nauda ut her hjå oss, nett no ?Kven er det som treng noko ekstra ? Kven er stengde ute?

Ein kan bli desperat, av verdsutviklinga. Det er kanskje det som trengs på fattigdomsutviklinga og klimafeltet.

Det spanske ordet for desperasjon, skal visst innehalde *esperanza* , som tyder håp. I

desperasjonen tvinger håpet seg fram. Det er det von i.

Å STETTE NAUD, MEN IKKJE LA DET VERA MED DET

Verda er uroleg. Meir uroleg enn nokon gong før i mi levetida. Krig og klima er to stikkord. Så er det rentestigning og matkøar. Kanskje ser me ein ny fattigdom utvikle seg, også her i landet. Fattigdomens konsekvensar kjenner me godt frå den store veda.


Menneske døyr av fattigdom. Fattigdomen skaper utanforskap. Fattigdomen fører med seg miljøødeleggingar, og ikkje minst er dei fattige som vert råka vert råka verst kvar gong ein storm eller orkan raserar land. Jesu tale om fattigdom er tydeleg. Fyrste gong han tala, kom han med denne budskapen.

*Herrens Ande er over meg,
for han har salva meg
til å forkynna ein god budskap for fattige.
Han har sendt meg for å ropa ut
at fangar skal få fridom
og at blinde skal få sjå,
for å setja undertrykte fri
og ropa ut eit nådeår frå Herren.
(Lukas 4,18 ff.)*

Litt seinare hjå same Lukas står dette; Sæle de fattige. Guds rike er dykkar! Sæle de som no svelt. De skal mettast! (Lukas 6, 20- 21).

Eit ideal i diakonien er den miskunnsame samaritan. Han tok seg av ein mann som var overfallen, stelte sår hans og tok han med til eit vertshus.

Historia handlar om kven som verkeleg er ein neste, og at nestekjærleik er handling. Historia sluttar med ei oppmoding om å : Gå avstad og gjer likeins.



Ein diakonal hovudregel er at ein alltid arbeider for motverke naud, og arbeide for rettferd. Veggen mellom Jerusalem og Jeriko er framleis utrygg. Bokstaveleg tala. Gaza er rett i nærleiken.

Verda er full av utrygge vegar. Røvarane kjem stadig fram. Køane ved matutdelingsstadane i dagens Noreg er eit nederlag for vårt samfunn. Velgjerningar er noko anna enn diakoni. Budskapen i Bibelen og diakonien, er rettferd. At den kristne trua må arbeide for minst mogleg skilnad, for å minske gapet mellom menneske.

Mine sysken, de kan ikkje tru på vår Herre Jesus Kristus, herlegdomens Herre, og samtidig gjera forskjell på folk. (Jakobs brev 2,1)

Diakonien må arbeide for å hindre valden, overgrepa og fattigdomen og trongen for matposar. Det held altså ikkje berre å drive sår stell og god

pleie.



Orsakane til uretten må bort. Me må påverke dei med makt til ta rette avgjerder for verdas fattige og undertrykte, og på den måten gjera vegane tryggare, og sørge for at folk har til salt på grauten, og ikkje i såra. Som diakon i Vest-



Telemark vil eg helst i ikkje dele ut matkassar. Men av og til må ein gjera det. Sist år er det formidla om lag 30 ulike former for mathjelp i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Denne ordninga har vart starta for vel 20 år sidan, men trongen syner seg å vera aukande. Tiltaket er gjort kjend via avis- og Facebook omtale, samt kontakt med kyrkjekontora og offentlege tenester, som vaksenopplæringane og psykiatrien.

Det økonomiske vert berga i land gjennom ein Spleis til føremålet, ein raus donasjon frå Fyresdal kommune i fjor og no rett før jul 50 000 frå Vinje kommune. Til å hjelp meg i dette arbeidet har fem gode folk, ein frå kvar kommune sagt seg viljug til å vere med i eit « Matpakkeutval.» Men det er framleis ikkje rett og bra at folk må stå i matkøar i vårt samfunn.

Troens sentrum finnes ikke i troen selv, enten den oppfattes som kraftfull eller kraftløs, men i Den barmhjertige samaritan som ser og sanser mennesker tro, tross alle fordommer som vil gjøre den umulig. (Kjell Nordstokke)

DET INGEN ANDRE GJER

I min oppvekst tala ein om at han eller ho hadde vorte åreforkalka, senil eller at ein vandre i barndomen. Det tydde at ein byrja og vase og gløyme. I dag har denne lidinga mange andre namn som demens og Alzheimers. Stort sett så får dei som får desse lidingane hjelp. Men tilboda til dei pårørande er ikkje like godt utvikla. Som diakon, med fagbakgrunn, som sjukepleiar, har eg dei siste åra freista å lage nokre samtalegrupper for pårørande til menneske med demenslidingar. Opplegget vert kalla Kvileplassen, og ønske er at menneske med omsorgsoppgåver finn kvile og oppmuntring i kvarandre, gjennom delinga av liv og historier. Slike grupper fins i Tokke og Nissedal, og sist år er det starta ei i Vinje i samarbeid med Demenskoordinator der.

Statistikken fortel at 1,88 prosent av befolkninga i Noreg (2020) har ulike demensformer. Til dømes for Vinje kommune tyder det 86 menneske. Gangar ein det opp med fire- fem, får ein eit tal på kor mange som meir eller mindre er råka. Kunnskap er ein viktig ting i dette feltet. Difor deltok eg med glede på haustens Pårørandeskule, som vart arrangert i Vinje.

Så er spørsmålet korleis Den Norske Kyrkja lokalt tek inn over seg dette det stadig aukande talet på folk som treng ekstra forståing og tilrettelegging? Kva konsekvensar får dette for gudstenester og samlingar, både i kyrkjene på institusjonane. Korleis bli ei meir demensvenlege kyrkje?. Det er viktige spørsmål i diakonien framover.

Å BE SINE BØNER OG TENNE SIN LYS



Det hender at eg forrettar i gravferder. Til avslutninga på eit liv høyrer et minneord. Ein kort biografi over den døde sitt liv, står det i liturgi boka. Slike minneord er gjerne på fire- fem hundre ord. I neste alle slik ord står det noko om at den døde fann glede i og vera i naturen. Anten på ski, på moltetur, som jaktleiar, på snøscooter eller på vandring frå hytte til hytte. Det verkar som om naturen

er ein del av oss, vevd saman med oss, at sjølv naturen gjev oss von og pågangsmot.

Kva skjer om me av klimamesseige grunner får mindre tilgang til denne nature, At han gror att eller isen ikkje held til scoterkøyring. No er reinstammen alt raudlista, og mange andre artar i luft, vatn og jord står i fare for å hamne på lista.

Det kjem sjeldan fram i minneorda at ein er klimanektar. Men faktum er at ein av fire i Noreg er det. Ingen land i Europa har like høge tal.

På Facebook finn eit vell av kunnskap om at FN sitt Klimapanel ikkje er til å stole på.» Jammen det var då varmt i 1954 og, kva med snøvinteren `67? Slike anekdotar er ikkje feil, men det fortel og at mange er ivrige etter å overtyde oss om forskarane tek feil. Og det er verkeleg slik at ein skulle ønske at klimapanelet tok feil, og Facebook- ekspertane hadde rett?

Somme vil ikkje godta at det er menneskeskapte klimaendringar, men det at dei er menneskeskapte kan og gje ein håpsdimensjon? For då kan vel menneske ta nokre andre og betre val ?

I utlandet går mange nordmenn inn i opne kyrkjer for å tenne lys. Grunnane er sikkert ulike, men ofte handlar det om nokon ein saknar. Mange små lys kan lyse mørke rom, og gje håp når ein treng det. Det får vere ei oppgåve å leite etter stader å tenne lys, og nokon å tenne lys saman med. Handlingsalternativ frigjer krefter, og det å dele si eiga uro og frykt kan vera viktig også for andre.

Ein av fire nordmenn er kallar seg klimaskeptikarar. Det vil seie at dei let seg ikkje overtyde av all verdas FN rapportar om klimaendringane.

Problemet er ikkje dei 25 prosentane som er skeptiske. Men heller at me andre også får tankar om at det ikkje nyttar, og faktisk tek til å leve som klimaskeptikarar.

Den gamle franske filosofen Blaise Pascal(1623-1662) hadde eit råd til dei som held på å miste trua på Gud. At dei framleis skulle leve slik som då dei trudde. Be sine bønner, og gå på sine gudstenester.

Eg les det slik at trua ligg i handlingane, bønene, liturgiane og fellesskapet, vel så mykje som dei rette orda. Omsett til klimakampen; våre små handlingar, tog og buss, minst mogleg fly, og søppelsortering bety noko. Fordi dei endrar oss og held oss fast i vona om at endring er mogleg. Skal det skje forandring, må ein tenke fellesskap.



Dette året har gjeve nokre små høve til å teste ut Klima-angstgrupper. Dette er samtalegrupper for å ta vare på vona om det nyttar å kjempe for klima og naturmangfald.

Det er byrja eit arbeid for å lage eit opplegg som kan nyttast for snakke om at natur og klima endrar seg, og me menneske så langt ikkje maktar å finne botemiddel. Det gjeld eigentleg om å vandre med håp. Men får ein ikkje forankra endringane demokratisk nyttar det heller ikkje. Demokratiet må


byggast nedanfrå, difor var det fint å ha med representantar frå fleire politiske parti på årets «Å vandre med håp.»

TO ORD OM VEGLEIING

Gjennom året vert det mykje vegleiing på ulike nivå. Mest tid går med til engasjementert i Agder og Telemark bispedøme for å drifte to tverrfaglegevegleiingsgrupper (ABV) for kyrkjelege tilsette. Det andre er det som vert gjeve gjennom Etiske- refleksjonsgrupper i Fyresdal og på DPS i Seljord. Ein annan form for vegleiing er det som skjer for Tokke og

Vinje, legar og sjukepleiarar, i Samhandlingsprosjektet Førehandssamtala. Både innan kyrkja og i det offentlege synest det å vera ei feiltolking om at vegleiing, som ein les som rettleiing, og er noko ein gjer når ting ikkje fungerer. Men vegeleiing handlar om kvalitetssikring, fagutvikling, ikkje minst tverrfagleg og eit «pusterom» i arbeidskvardagen.

Samtaler 2018-23



	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Nissedal	24	25	15	10	36	18
Fyresdal	69	91	63	78	73	35
Kviteseid	58	56	40	88	92	98
Tokke	134	127	108	134	128	142
Vinje	142	174	83	124	117	171
Skogsleir	21	20	3	-	-	-
DPS	23	17	20	29	30	25
Sum	471	510	378	463	446	464


Frå Verdiseminaret 4.11.23 og Markering av 1.årsdagen for Ukraina-krigen (24.02.23)



(Vinjehuset)



Kven er det no som treng hjelp
ikkje hund, ikkje engel
men kanskje den vesle guten
Han med dei store hender
Han med den klåre tanken
Han med ei sorg
som lyden av klokker
og vatn
over den gamle bygda
Han som ser mot huset og sjøen
Og han tenkjer seg om før han smiler
Han er det som no treng hjelp
Han med dei dumme orda
Som aldri får sagt
Kva han tenkjer og kjenner
Han er det no som treng hjelp
(Jon Fosse)



Arbeidsområde.

Oppretting og oppfylging av diakoniorgana i kyrkjelydane i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Det er diakoniutval i Kviteseid, Nissedal, og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Rett før jul i år vart det skipa eit felles utval for Tokke med tre medlemmer. Så vidt eg veit har desse sokna har oppdatert Diakoniplanar; Vinje/Nesland, Kviteseid, Fyresdal og Nissedal. Men dette er ein ting som dei nye sokneråd får sjå nærare på.

Forkynning og undervisning om diakoni. Dette skjer gjennom gudstenester (20), diakoniundervisning for konfirmantane, kursverksemd, diakoniutval- og soknerådsmøte og diakonispalta i Vest Telemark Blad, og kanskje litt gjennom podkasten Diakongang.

Opplæring og utdanning av frivillige medarbeidarar. Så godt som råd blir det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Målet er at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisamlinga for Vest-Telemark er eit årleg og godt samlingspunkt. I år var Tokke vertskap, og bandet No Boots fekk Diakoniprisen. Ved starten av ny soknerådsperiode (2023-27) har medlemene i sokneråda fått diakoniboka «Med andre ord» frå 2009. Dei kjem frå restlagret, så no er der blitt litt ryddigare på mitt kontor.

Samarbeid med sokneråd og kyrkjelege tilsette. Samarbeidet skjer på mange felt. Mellom anna gjennom møte med sokneråd og diakoniutval. Siste år har eg delteke på årsmøte i kyrkjelydane i Grunge og Fyresdal, samt stabsmøter i Tokke og Vinje. Og avslutning for sokneråda i Kviteseid og Nissedal. Så har det og vore fleire juleavslutningar eg ikkje har hatt høve til å vera med på.

Arbeid med å styrke fellesskap og opprette omsorgsgrupper. Sist år har eg hatt ei "Gå vidare - gruppe i Åmot. (8 gonger med 56 deltakarar.) I samband med Helgemesse vart det ulike typar sorgsamlingar (Sorg med kaffi til i Rauland kyrkje, Ord til Trøyst i samarbeid med Vinje-sentret, Sorg med vaffel til, Bedehuset i Treungen, Trøystande ord i samarbeid med Biblioteket på Dalen, Sorglunsj på Kyrjekontoret i Fyresdal og Open- sorggruppe for Kviteseid/Seljord i Brunkeberg). Samla tal på deltakar på desse stunta var: 23. I samarbeid med prest og kyrkjeverje i Fyresdal er det starta ei Sorg- lunsj gruppe (Tre samlingar med 20 deltakarar.) På Kvitsund held den gamle tradisjon med "Guys -group" fram (1 gonger med 8 deltakarar). Kvileplassen i samarbeid med Tokke Frivillig- sentral er halde to gonger med 6 deltakar. Kvileplass i Nissedal i samarbeid med Frivillig- sentralen. (6 gonger med 28 deltakarar). Nytt av året er også ein slik gruppe i Vinje (4 gonger med 17 deltakarar)



Diakon ved DPS i Seljord

Sidan 2011 er prostidiakonen hyra inn får gje diakonale tenester til DPS i Seljord. Her vert det gjeve tilbode om samtaler og Livssynsgruppe gjennom trefftider annankvar veke. Talet på samtaler er 30, og det er halde 17 gruppesamlingar (

Livssynsgruppe) med 46 deltakarar. (Ein monaleg auke frå sist ord 20 prosen)-Nytt av året er også tilbodet til tilsette om Etske- Refleksjonsgruppe.(4 gonger med 26 deltakar)

Gje hjelp til menneske i akutte og vanskelege livssituasjonar. Jamt over tredje kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det uttrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. (To til Vinje, to til Kviteseid og ei til Nissedal.)

Stoff til kyrkjelydsblad, radio og nettstader Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (48). I Telemark Tidende i Telemarksavisa har eg ei spalte (38). I samband med Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp får me disponere tre avissider i VTB. Prostidiakonen har Facebook-side. No er det 1384 som likar ho. Kyrkjelydsblada får og jamleg stoff. Elles prøver ein så godt ein kan å gje formidle stoff til avisene og NRK. I samband med Helgemesse var det oppslag i Varden, TA og NRK.

I 2019 blei det lansert ein podcast kalla «Diakongang». Ved årsskiftet er dei lasta ned 3865 gonger . Tre nye episodar er sendt ut dette året.

Ha kontakt med offentlege sosialteneste og humanitære organ. Prostidiakonen er med i dei Psymo- sosiale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Elles er det gjennom året vore kontakten med Vest-Telemark Rådet, ulike skular, NAV, barnevern og KVITO . Ei store glede er samarbeidet med psykisk helse i dei seks Vest -Telemark



kommunane, KVITO og DPS) om "Å vandre med håp". Vandra vart gjennomført for 15. gong. Eit positivt og viktig verv er det også å vera med i Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark. Det felles psyko- sosiale krisekurset for Vest- Telemark høyrer også med i diakonens portefølje.

Frå Diakonisasmlinga på Dalen fyrste sundagen etter påske, der Ingunn Moser frå Diakonhjemmet/VID snakka om diakonale utfordringar.



Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakonaten har eit valt styre. Ny styreleiar er Gunnar Øverland frå Tokke.

Oscar J. Garnes frå Vinje takk for seg etter å ha vore leiar sidan 1995, og eg er djupt takksam for hans støtte i all den tida. Tokke kyrkjelege fellesråd er vertsfellesråd, har arbeidsgjevaransvar og fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen.

Aktivitet i dei einskilde fellesrådsområda.



Vinje. Tre stabsmøter / leia ei Gå - Vidare gruppe (Åtte samlingar/ 56 deltakarar/ leia ei gravferd og deltek i ei/ leia 2 gudstenester og delteke i seks / medansvarleg for ein Salme – og Solidaritetskveld i Øyfjell / delteke på gudstenester på Vinje Helsesenter, Nordheimstunet og Omsorgssentret i Rauland / saman med Styret for Diakonaten

ansvarleg for Verdiseminaret: La oss snakke om døden / vore med konfirmantane på pilegrimsvandring (Rauland og Vinje) saman med Torleiv Berdal arrangert ein pilegrimsvandring light i Berdal / medansvarleg for Adventssamlinga for Vaksenopplæringa i Vinje kyrkje/ to soknebod/ vegleiar i Prosjekt Førehandssamtala (2 samlingar med 8 deltakar) / leia ei gudsteneste i samband med Tv- aksjonen. (Nesland) (Saman med Kyrkja i

Vinjre arrangert fire Språk- kafe samlingar på Kroa i Åmot / delt kveldstankar på konsert med No Boots i Vinje kyrke/ eit soknebod/



Kviteseid: delteke på Diakonidag i Kviteseid kyrkje/ samt Helgemessegudsteneste/ Delteke på Open-sorggruppe i Brunkeberg, samarbeid mellom Kviteseid og Seljord (3 gonger 7 deltakar)/ vore med konfirmantane på pilegrimsvandring til Kviteseid gamle kyrkje/ andakt på to føremiddagstreff på Misjonshuset/ i lag med lærar

Hamish Moor på Kvitsund Gymnas leia "Guys – Group" 1 gonger med 8 deltakarar/delteke på to diakoniutvalsmøte og vore med på vegleiingskveld for Besøkstensta i Kviteseid/delteke på to samlingar i gruppa Optimistane. (Ei gruppe for dei som har/ hatt kreft) / delteke på Adventsfest for Lundenjordet arrangert av Diakoniutvalet/ delteke på Pilegrimsvandring med Kvitsund Gymnas (2 dagar på Haukelifjell/ vore med Dagsenteret på Midsundtoppen på to turar/ delteke på Trygg i Vatn- dag for Ungdomskulen i Kviteseid/ delteke på ei VIP-samlingar på Kvitsund/ eitt soknebod/ debrifsamtale med brannfolk (1)/ delteke på førjulsamling for ukrainske flykningar på Straand Hotel (i regi av TIRU)/

Fyresdal /leia ei Etisk- Refleksjonsgruppe på POS (3 gonger med 13 deltakar) delteke på Diakonien Dag/ leia ei pilegrimsvandring for konfirmantar/ halde ein andakt på POS/ saman med prest og kyrkjeverje drifta ei Sorg- lunsj gruppe (2 gonger 14 deltakarar / leia 2 gravferder/vore med på Salme – og Solidaritetskveld i Veum kyrkje/ leia ei gudsteneste i Moland/ eit soknebod



Nissedal. Tre diakoniutvalsmøter/ delteke på konfirmantundervisning/ medansvarleg for Diakonien Dag / to møter i Psyko- sosialt kriseteam / leia ei minnestund hjå Mange Haugsjø A/S / saman med Oddrun Rekvik frå Diakoniutvalet/ Frivillig sentralen ansvarleg for Kvileplassen, gruppe for pårørende til menneske med demens (6 gonger 28 deltakarar)/ delteke på Eldredagen i regi av Pensjonistlaget og Frivillig sentralen med Markering av



Verdsdagen for Psykisk helse samt vandring til Årekrokene som også var ein del av Verdsdagsmarkeringa/ medverka på Songkveld med Diakoniutvalet på Mila/

Tokke. Leia Askeondagsmessa på Tangane på Dalen / Fire stabsmøte / medansvarleg for Diakoniamlinga for Vest- Telemark , i år på Tokke Kulturhus/ ansvarleg for Kirkens Nødhjelp - aksjonen i Eidsborg/Mo/Skafså/

leia 4 gravferder / leia ei gruppe for pårørende til demente kalla Kvileplassen/ (4 samlingar med 11 deltakar/ er med i redaksjonen for Kyrkjelyden/ saman med

soknepresten med i arbeidet for Rui-seminaret /leia Diakonien Dag på Kulturhuset med markering av



Verdsdagen for psykisk helse/ medlem av Hus -styret for Storvegen 208/ ansvarleg for Baby- songen, kyrkjeskyss og tekstlesartenesta i E/M/S/ delteke på julemiddag for Psykisk helse, og ansvarleg for Vaksenopplæringas besøk i Skafså kyrkje/ leia ein Trøystande ord- kveld på Tokke Bibliotek/ delteke på Helgemessegudstenesta.



Tal og arrangement felles for Tokke, Vinje, Nissedal, Fyresdal og Kviteseid.



Fire styremøter i Prostidiakonaten /ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest Telemark på Dalen, med utdeling av Diakoniprisen til No Boots


(Frå konfirmant-treff i Seljord med førebuing til Fasteaksjonen.)

ansvar for Diakonispalta og Fasteaksjonsidene i Vest-Telemark Blad /Prosjektleiar for



pilegrimsvandringa frå Grungedal til Røldal med namnet "Å vandre med håp"/medlem av Brukarutvalet for NAV- Vest- Telemark (2 møte)/ saman med kyrkekontora i Tokke og Vinje ansvarleg for Kyrkjas deltaking på Yrkesmessa på Vest Telemark Vidaregåande skule/ prosjektansvarleg for Vandring for Forandring (Pilegrimsvandring for etterlatne menn) i med RVTS Sør, Øvre

Telemark prosti og Agder og Telemark bispedømer (ti deltakarar)/ organisert markering av FNs Internasjonale Flyktingdag , i år i Vinje /undervist om



Fasteaksjonen på konfirmanttreff i Seljord (to kveldar) / delteke på to prestekonvent i regi av prosten i Øvre Telemark/ medansvarleg for felles dag for Psyko- sosiale kriseteam i Vest- Telemark.

(Frå markering av Verdsdagen for Sjølvmoordsførebygging 10.09.23 i Røldal ved Øyvind Dåsvatn, RVTS Sør)

Saker og ting utanfor Vest- Telemark.

Leier to ABV- grupper (tverrfagleg kyrkjeleg vegleiiing) i Agder og Telemark/ delteke på samlingar for ABV-veglearar i Agder og Telemark (4 samlingar)/ Føredrag for Grimstad kyrkjelge fellesråd om Pilegrimsvandring/ delteke på Fagdagar for diakonar Vegartun/ Sist sommar hadde eg også ei veker engasjement som sjukehusdiakon på Diakonhjemmet, Oslo.



ÅRSRAPPORT FRÅ PROSTIDIAKONEN I VEST- TELEMARK 2023

Er engasjert i Nettkirkens Chatteteneste under Kyrkjerådet/ medlem i Diakonifaglig Råd på VID/Diakonhjemmet/ Nyvald i sentralstyret i Det Norske Diakonforbund (2023-26) /Medlem av Fagutvalet for diakonar i samfunnsinstitusjonar / medlem av nemnda som førebudd Diakonens Dag på Diakonhjemmet, Oslo /med på utvikle nytt Sorggruppe materiell i Agder og Telemark/ Leia ei pilegrimsvandring ved Utstein Kloster i samband med Litteraturfestivalen Kapittel i Stavanger / delteke på to dagers kurs i Debrifing i regi av RVTS Sør i lag med dei Psyko- sosiale kriseteama i Tokke og Kviteseid/ delteke på Diakonikonferansen i nov i Oslo.

Takk til alle gode samarbeidspartar. I kyrkje og kommunar. Til KVITO og DPS i Seljord. Til alle gode medarbeidarar i , sokneråd og diakoniutval, prestane, kyrkjeverjene og friviljuge på mange nivå.



Takk til styret for samarbeidet Her er dei. Styret for 2023-24. F.v Møyfrid Lunde, Kviteseid Asgeir Sele, prost Gunnar Øverland, Tokke, Sissel Svenke Fundlid, Vinje Astrid Eidem Nordal, Nissedal og Torbjørg Enerstad 1.vara Vinje) Kyrkjeverje i Tokke Bjørnar K. Christensen og Berte Heggelid (2. vara) Fyresdal mangla.

Eilev Erikstein, prostidiakon i Vest- Telemark

(91 11 35 80)

Dalen 31.12.23

